

Tenesterapportering pr august 2015 med oppdatert prognose.

alle tal i heile 1000 kr

Teneneste- område	Budsjett 2015	Regnsk. pr 31.08.15	Rest budsj. 2015	Påløpt % av bud.	Progn. 2015	Avvik budsj. - progn.	Kommentar:
10 POLITIKK / RÅDM. KONTOR	17 193	10 710	6 483	62,3	17 193	-	Totalt forbruk ligg på 62,4%. Ansvar 101 Politiske råd og utval har noko høgt fobruk, med 68%. For dei andre ansvarsområda er det ikkje noko særskilt å merke. Refusjonar frå NAV gir totalt sett ein pluss, sett i høve vikarpostane,- har m.a. hatt aktiv bruk av ulike tilskotsordningar. Det er elles fleire større element både på inntekts- og utgiftssida som vi bli effektuerte gjennom hausthalvåret. For året under eit reknar vi med å gå i balanse i forhold til budsjetttramma.
11 ØKONOMI- KONTOR	8 540	5 819	2 722	68,1	8 540	-	Økonomikontoret reknar med å kome ut innanfor ramma for 2015. Utfordrande med opplæring av to nyttilsette på relativt kort tid (erstatning for medarb. som har vald å slutte), den siste med oppstart midt i juli. Har auka ressursbruken på innkjøp og løn. På løn er meir ressursar til arbeid med sjukepengerefusjonar naudsynt. Manglande oppfølging av innkjøp det siste år gjer at det er mykje arbeid med dette område om vi skal komme ajour. I fleire saker klarer er vi på kanten i forhold til å følgje innkjøpsregelverket om vi ikkje set meir fokus på denne funksjonen. Omprioriteringa vil gå ut over ressursar til budsjettarbeid, økonomistyring og rekneskapsoppfølging. Det er stor trong for auke i bemanninga for å gjennomføre naudsynte oppgåver.
12 ØKONOMI / FINANS	-404 000	-259 776	-144 224	64,3	-403 300	-700	Skatteinngongen og rammetilskot ser ut til å vert kr 700.000,- lågare enn enstimert grunna lågare folketal pr 1.1.2015 enn rekna med i budsjettet for 2015, og nasjonal skattesvikt i 2014 og 2015 som ikkje vert fullt ut dekka inn gjennom revidert nasjonalbudsjett. Lågare rentenivå enn budsjettert så langt i 2015, men mogeleg innsparing ikkje berekna i detalj. Førebels er netto forventa avvik kr 700.000,- på finansområdet.
13 INTERKOMM. IKT OG BRANNVERN	13 020	8 645	4 375	66,4	13 020	-	Ingen forventa avvik så langt.
14 RÅDGJEVAR- TENESTE	9 182	5 869	3 313	63,9	9 182	-	Ingen forventa avvik så langt.
15 Private barnehagar	74 291	52 926	21 365	71,2	74 291	-	Noko usikkert korleis refusjonar vil verta endeleg for born frå andre kommunar. Ny ordning med redusert foreldrebetaling fra mai/ gratis kjernetid har så langt gitt utbetalingar på om lag kr 100.000,-. Uvisst kor mange nye søknader som vil komme i løpet av hausten. Reknar med å dekke dette innanfor eksisterande ramme, slik at vi ikkje forventer avvik i frå fordelt ramme.

Tenesteområde	Budsjett 2015	Regnsk. pr 31.08.15	Rest budsj. 2015	Påløpt % av bud.	Progn. 2015	Avvik budsj. - progn.	Kommentar:
19 PPT	1 987	1 332	655	67,0	1 987	-	Ingen forventa avvik så langt.
20 Kommunal Barnehagedrift	6 120	3 393	2 727	55,4	6 120	-	Marihøna har i årets første halvår hatt flere langtidssykemeldinger, og dermed også høyt vikarforbruk. Alle refusjoner ennå ikkje bokført, og vi reknar med at meirforbruket blir kompensert gjennom de ventende refusjonene.
21 GRASDAL SKULE/SFO	10 735	6 998	3 737	65,2	10 735	-	Ingen forventa avvik så langt. Vi må arbeide meir med kostnadsnivået i SFO. Vi har nyttilsett totalt 100% lærarstilling og 55% assistentstilling i SFO frå 01.08.15 innanfor vedtekne budsjetttrammer. Førebels ser ut som tenesteområdet vi gå i balanse.
23 MELAND UNG.SKULE	18 108	10 591	7 517	58,5	18 108	-	Refusjon elevar frå andre kommunar er høgare enn budsjett, som gjer at rekneskapen hittil i år ser bra ut, sjølv om vi ligg noko høgt på lønskostnadar i 2015. Førebels ser vi ut til å komme ut innanfor budsjetttramma.
24 ROSSLAND SKULE /SFO	22 709	14 671	8 038	64,6	22 709	-	Det ser ut til at vi klarar å til ein viss grad dekkje inn auka assistentressurs med andre innsparingar på personell. Vi har fleire tilsette i permisjonar/sjukemeldingar, og refusjonskrava er ikkje heilt oppdaterte, Det er også forventa inntekt i høve til etterutdanning av ein lærar. refusjonskrav for gjesteelevar frå andre kommunar er heller ikkje sendt/ført for haustsemesteret. Ingen forventa avvik så langt.
25 SAGSTAD SKULE/SFO	26 153	16 614	9 538	63,5	26 153	-	Vi har fleire postar i rekneskapen som er høgare enn det som er budsjettet med, men dette vert balansert med større refusjonar enn budsjettet. Med fleire klassar og elevar er det ikkje berre lønskostnadane som vert auka, men ein må og auke opp andre driftspostar i budsjettet. Førebels noko usikker på korleis dette slår ut, men førebels ingjen forventa avvik totalt for tenesteområdet.
26 VESTBYGD SKULE/SFO	14 060	9 578	4 482	68,1	14 460	-400	68 % forbruk hittil i år noko høgt, men ikkje alt av refusjon sjukepengar er inntektsført, slik at vi reknar med å gå i balanse totalt sett med eit meirforbruk som tidlegare meldt på kr 400.000,-.
30 HELSE	24 215	13 897	10 318	57,4	24 215	-	Samlet sett ligger vi an til å balansere i forhold til budsjett. Økning i årsverk (privat og ansatt) fra andre halvår gjør at månedlige utgifter går opp, som budsjettet. Største utfordring er at lokalene ikke strekker til. Psykisk helse og rus er styrket i løpet av året med midler fra Fylkesmannen, påvirker ikke budsjettet. Ansvar 321 er fortsatt plassert feil i tjenesteområdet helse, men maa rapporteres fra annen budsjettansvarlig.
35 SOSIALE TENESTER INKL. FLYKTN.	11 801	6 190	5 611	52,5	11 801	-	Ingen forventa avvik så langt.

Teneste-område	Budsjett 2015	Regnsk. pr 31.08.15	Rest budsj. 2015	Påløpt % av bud.	Progn. 2015	Avvik budsj. - progn.	Kommentar:	
36	BARNEVERN	9 297	4 512	4 784	48,5	9 297	-	Tidlegare meldt om forventa meirforbruk på kr 600.000,- som følge av auke kostnadar til barnefordelingssaker. Pr august ser vi ikkje ut til å få denne kostandsauken, og tenesteområdet ser ut til å kunne gå i balanse.
37	MELAND SJUKEHEIM	38 011	23 573	14 437	62,0	38 011	-	Frå nyttår 2015 har det vore i drift 38 plassar ved Meland Sjukeheim. I tillegg har det vore overbelegg med 1-2 pasientar på korttidsavdelinga. Vi har hittil i år hatt fleire vakante stillingar og i fleire av desse vert det tilsetjing frå mai/juni 2015. Ny logoped starta 1. mai 2015. Samla sett ligg ein så langt innanfor tildelt ramme for 2015.
38	MELAND HEIME-TENESTER	57 487	37 559	19 927	65,3	57 487	-	Samla sett ligg heimetenestene bra ann i høve til budsjett, med forbruk 65%. Reelt sett er det noko mindre då vi har etterslep på inntekter både i høve sjukefråvær og ressurskrevande tenester. Vi brukar fortsatt ekstravakter på dagtid i helgene.
50	KULTUR-KONTOR	7 705	4 290	3 415	55,7	7 705	-	Ingen forventa avvik så langt.
60	PLAN, UTBYGGING OG KOMMUNAL-TEKNIKK	27 986	10 469	17 517	37,4	27 986	-	På inntektssida er dei samla gebyrinntektene i samsvar med snittet, men under snittet på plan og byggesak. For husleigeinntektene sin del, er inntektene om lag kr 200 000 høgare enn på same tid i fjor, og budsjettet kan truleg nåast. Tidlegare har vi meldt om meirforbruk på denne posten, men ser bedre ut etter ny gjennomgong. Lønsbudsjettet innan drift og vedlikehald er for lågt. For vatn- og avlaup sin del er 2. avgiftstermin fakturert ut. Førebels er prognosen at avvika vil kunne bli dekkja ved justeringar innafør totalramma. Dei største usikre faktorane er gebyrinntekter på plan og byggesak, husleigeinntekter og komande vinterberedskap.
	Ikke identifisert mindreforbruk			-		-1 100	1 100	Vi reknar med at det på nokre av tenesteområda har mindreforbruk / innsparingar som ikkje er identifisert.
	Resultat/ avsetn. til disp.fond (minus betyr overskot)	-5 400	-12 139	6 739		-5 400	-	Budsjettet med overskot / avsetn. til disp. fond for 2015 på kr 5,4 mill. Per august reknar med komme ut som budsjettet i 2015.